




INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

DELÅRSRAPPORT

&

REKNESKAP

3. kvartal 2012



Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 30.09.2012

Rekneskapen for tredje kvartal 2012 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 32 "delårsrapportering". IFRS-rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdiar i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi.

Implementeringseffekten av pensjonar er vesentleg ved at ikkje resultatførde estimatavvik er ført mot eigenkapitalen pr. 01.01.2011. Banken har vurdert bygningar, tomtar og finansielle instrument til verkeleg verdi. Ved overgang til IFRS 01.01.2011 vart det utarbeida eit notat, "Overgang til IFRS prinsipp", som syner resultat og balanseeffektar ved overgangen til IFRS.

Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 35,71 mill. pr. 30.09.2012, mot NOK 5,09 mill. pr. 30.09.2011. Ordinært driftsresultat for 3. kvartal 2012 var NOK 11,89 mill. betre før skatt enn 3. kvartal i fjor. Auka rentenetto, auka utbytte, stor resultateffekt i samband med kjøp/overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS og låge tap gjev eit betre resultat enn ved same periode i fjor.

Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 30.09.2012 var NOK 32,99 mill. mot NOK 8,33 mill. pr. 30.09.2011.

Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 30.09.2012 på 19,02 %.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,61 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Dette er ein auke på 0,25 % sidan same tid i fjor. Grunna betre rentenetto og volumauke har netto renteinntekter auka med NOK 6,36 mill. samanlikna med 30.09.2011. Framleis er rentenettoen prega av auka konkurranse og pressa marginar.

Driftsinntekter

Pr. 30.09.2012 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 9,12 mill. mot NOK 9,22 mill. pr. 30.09.2011. Utbytte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med NOK 24,06 mill. pr. 30.09.2012. Til same tid i fjor var det eit negativt bidrag på NOK 0,43 mill.

Driftskostnader

Driftskostnadane er NOK 35,31 mill. mot NOK 34,55 mill. pr. 30.09.2011. Løns- og administrasjonskostnader er reduserte medan andre driftskostnader har auka. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer driftskostnadene 1,40 % pr. 30.09.2012 mot 1,38 % i fjor. Kostnadsprosenten pr. 30.09.2012 er 49,71 %. Den store reduksjonen samanlikna med i fjor skuldast hovudsakleg overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS. I tillegg har styret vedteke å gjennomføre eit inntekts- og kostnadsprogram som banken no ser effektane av.

Tap på utlån og garantiar

Banken har pr. 30.09.2012 ført tap på utlån med NOK 2,74 mill. mot NOK 3,37 mill. til same tid i fjor. I løpet av tredje kvartal 2012, har banken redusert individuelle nedskrivningar med NOK 0,24 mill. og utgjer pr. 30.09.2012 NOK 11,82 mill. Gruppe-nedskrivningane har auka med NOK 0,20 mill. i tredje kvartal 2012 og utgjer pr. 30.09.2012 NOK 7,20 mill. Sum individuelle nedskrivningar utgjer 0,42 % og nedskrivning av grupper utgjer 0,25 % av brutto utlån pr. 30.09.2012.

Utbyte / finansielle eigendelar tilgjengelege for sal

I andre kvartal 2012 overtok banken aksjar i Terra Boligkreditt AS. Det gjer at banken pr. tredje kvartal i 2012 får eit svært godt ordinært resultat. I samband med delårsrekneskapen pr. 2. kvartal førde Indre Sogn Sparebank effekten av verdiendring på aksjane i Terra-Gruppen dels over ordinært resultat som nedskrivning av aksjane og dels over utvida resultat som verdiregulering. I samband med utarbeiding av rekneskapen per 30.09.2012 har banken endra klassifiseringa av denne transaksjonen. På grunn av at verdifallet av banken sine aksjar i Terra Gruppen ikkje var vesentleg så blir heile effekten av verdiendringa ført som verdiregulering over utvida resultat. Effekten av endra klassifisering er at ordinært resultat vert NOK 5,97 mill. betre, medan totalresultatet vert uendra. I samband med presentasjon av delårsrekneskapen pr. 3. kvartal 2012, så er heile effekten av verdiendringa teke over utvida resultat som er i høve til IFRS.

Kapitaldekning

Pr. 30.09.2012 var banken si kapitaldekning 16,14 % mot 16,23 % pr. 30.09.2011 og 16,98 % pr. 31.12.2011. Utrekningsgrunnlaget er redusert frå NOK 1.859,69 mill. pr. 30.09.2011 til NOK 1.753,12 mill. pr. 30.09.2012.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 30.09.2012 etter berekna skatt, vart NOK 31,80 mill. mot NOK 3,71 mill. pr. 30.09.2011. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 30.09.2012 utgjer avkastninga NOK 17,38 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.



Utlån

Sidan årsskiftet er utlåna auka med NOK 37,82 mill. til NOK 2.840,72 mill. Utlån til personkundar har auka med NOK 11,83 mill. medan utlån til næringslivet har auka med NOK 25,99 mill. Veksten dei siste 12 månadane er NOK 19,60 mill. eller 0,69 % på eiga bok. I tillegg yter banken NOK 440,63 mill. i lån til banken sine personkundar via Terra Boligkreditt AS. I 2012 er det ein auke i porteføljen på NOK 77,24 mill. Sett i samanheng med Terra Boligkreditt AS, hadde banken totalt ein auke i utlåna på NOK 115,06 mill, eller 3,63 % pr. 30.09.2012. Samla vekst dei siste 12 månadane er NOK 115,65 mill. eller 3,65 %.

Innskot

Sidan årsskiftet har innskota i banken auka med NOK 216,65 mill. til NOK 2.185,87 mill. Innskot frå personkundar har auka med NOK 121,65 mill. medan innskot frå næringslivskundar har auka med NOK 95,00 mill. Innskota siste 12 mnd. har auka med NOK 203,08 mill. eller 10,24 %. Innskotsdekninga pr. 30.09.2012 er 76,95 %.

Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital har sidan årsskiftet gått opp med NOK 118,28 mill. til NOK 3.431,69 mill. pr. 30.09.2012, ein auke på 3,57 %.

Utsiktene framover

Resultatet i tredje kvartal 2012 er prega av betra rentenetto, kontroll på utlåna og kostnadane samt overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS. Banken har likevel framleis utfordringar på kostnadssida. Styret har sett i gang tiltak for å betra lønsemda. Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Uro i finansmarknaden skaper større usikkerheit om framtidig utvikling enn normalt. Med god soliditet og likviditet er banken godt budd på effektane av ein uroleg marknad. Kapitaldekninga er god og syner tilfredsstillande nivå sett i lys av banken sitt mål for framtidig vekst. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Styret er nøgd med tredje kvartal 2012 og har tru på at resten av året vil utvikle seg tilfredsstillande.

Årdalstangen den 25. oktober 2012.

Siri Laqmannsås
Styreleiar

Leif Åberg

Harald Blaaflat Mundal

Janne Dokken

Siv Enerstvedt

Egon M. Moen
Adm. banksjef



Delårsrekneskap 3. kvartal 2012

						30.09.2012
						i % av gj.sn.
RESULTAT (i 1.000 kr)	3. kv.12	3. kv.11	30.09.2012	30.09.2011	31.12.2011	forv.kap.
Renteinntekter	35.698	35.348	106.236	96.881	132.981	4,22 %
Rentekostnader	21.593	22.786	65.657	62.661	86.020	2,61 %
Netto renteinntekter	14.105	12.562	40.579	34.220	46.961	1,61 %
Utbyte	-29	109	21.342	2.810	2.810	0,85 %
Provisjonsinntekter m.v.	3.602	3.831	10.603	11.261	15.242	0,42 %
Provisjonskostnader m.v.	603	838	1.749	2.294	3.025	0,07 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	6.121	-3.624	2.724	-3.236	-2.045	0,11 %
Andre driftsinntekter	106	100	264	249	277	0,01 %
Netto andre driftsinntekter	9.197	-422	33.184	8.790	13.259	1,32 %
Løn og generelle adm.kostnader	6.782	6.506	23.444	23.751	32.322	0,93 %
Avskrivningar på driftsmidler	886	1.020	2.693	2.965	3.952	0,11 %
Andre driftskostnader	2.845	2.809	9.175	7.832	10.486	0,36 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	10.513	10.335	35.312	34.548	46.760	1,40 %
Tap på utlån	1.398	2.292	2.738	3.372	3.389	0,11 %
Driftsresultat før skatt	11.391	-487	35.713	5.090	10.071	1,42 %
Skattekostnad	1.791	469	3.913	1.380	2.629	0,16 %
Resultat etter skatt	9.600	-956	31.800	3.710	7.442	1,26 %
Utvida resultat						
Pensjonskostnad	0	0	0	0	-1.249	
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	-5.821	269	-16.993	2.561	2.496	-0,67 %
Utvida resultat etter skatt	-5.821	269	-16.993	2.561	1.247	-0,67 %
Totalresultat	3.779	-687	14.807	6.271	8.689	0,59 %
Basis og utvatna resultat per egenkapitalbevis	5,25	-0,53	17,38	2,07	4,07	
BALANSE (i 1.000 kr)						
Eigendelar			30.09.2012	30.09.2011	31.12.2011	% av forv.kap.
Kontantar og fordringar på sentralbankar			249.314	70.356	177.935	7,27 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			32.228	172.143	32.715	0,94 %
Utlån til kundar			2.821.697	2.802.690	2.784.392	82,22 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			206.160	201.596	206.347	6,01 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal			80.738	69.591	69.527	2,35 %
Utsett skattefordel			3.125	3.268	3.125	0,09 %
Varige driftsmidler			37.234	39.928	38.940	1,09 %
Overtekne og andre eigendelar			1.190	728	421	0,03 %
Sum eigendelar			3.431.686	3.360.300	3.313.402	100,00 %
Gjeld og egenkapital						
Gjeld til kredittinstitusjonar			212.270	223.396	223.511	6,19 %
Innskot frå kundar			2.185.869	1.982.785	1.969.222	63,70 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			640.031	740.944	741.655	18,65 %
Anna gjeld			25.649	59.312	20.682	0,75 %
Pensjonsforpliktingar			6.048	7.547	9.048	0,18 %
Ansvarleg lånekapital			132.466	132.406	133.231	3,86 %
Sum gjeld			3.202.333	3.146.390	3.097.349	93,32 %
Opptent egenkapital			150.109	143.202	151.616	4,37 %
Innskoten egenkapital			64.437	64.437	64.437	1,88 %
Udisponert overskot etter skatt			14.807	6.271	0	0,43 %
Sum egenkapital			229.353	213.910	216.053	6,68 %
Sum gjeld og egenkapital			3.431.686	3.360.300	3.313.402	100,00 %
Postar utanom balansen						
Garantiar			110.164	125.242	127.346	
Garanti Terra Boligkreditt AS			55.274	44.306	43.961	
Portefølje Terra Boligkreditt AS			440.633	344.582	363.395	

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling pr. 30.09.2012

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjæmnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	
Eigenkapital 01.01.2011	63.250	1.187	120.129	4.615	6.927	13.688	209.795
Resultat etter skatt			2.411	2.621	2.410		7.442
<i>Utvida resultat</i>							
Endring i ikke resultatførte estimatawik pensjon			-1.735				-1.735
Endring i utsatt skatt på ikke resultatført estimatawik pensjon			486				486
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.496	2.496
Totalresultat 31.12.2011	0	0	1.162	2.621	2.410	2.496	8.689
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771			-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Endring i innskoten eigenkapital	-31.625	31.625					0
Utbetalt frå gåvefond					-660		-660
Eigenkapital 31.12.2011	31.625	32.812	121.291	5.465	8.677	16.184	216.053
Resultat etter skatt			31.800				31.800
<i>Utvida resultat</i>						-16.993	-16.993
Totalresultat 30.09.2012	0	0	31.800	0	0	-16.993	14.807
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2011				-1.266			-1.266
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Utbetalt frå gåvefond					-241		-241
Eigenkapital 30.09.2012	31.625	32.812	153.091	4.199	8.436	-809	229.353

Eigenkapitaloppstilling pr. 30.09.2011

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Annan opptent eigen- kapital	Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjæmnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP	63.250	1.187	116.791	608	3.361			185.197
Reklassifisert utbyte frå gjeld til eigenkapital				537				537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14.769		14.406
Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS	63.250	1.187	116.428	1.145	3.361	14.769	0	200.140
Årets resultat			3.701	4.007	3.701			11.409
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.081		-1.081
Årets totalresultat 2010	0	0	3.701	4.007	3.701	-1.081	0	10.328
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2009				-537				-537
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-135			-135
Eigenkapital 31.12.2010 IFRS	63.250	1.187	120.129	4.615	6.927	13.688	0	209.795
Resultat etter skatt							3.710	3.710
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.561		2.561
Totalresultat 30.09.2011	0	0	0	0	0	2.561	3.710	6.271
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771				-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Endring i innskoten eigenkapital	-31.625	31.625						0
Utbetalt frå gåvefond					-385			-385
Eigenkapital 30.09.2011 IFRS	31.625	32.812	120.129	2.844	6.542	16.249	3.710	213.910

Kontantstrømanalyse

i 1.000 kr

	3. kvartal 2012	3. kvartal 2011	2011
Kontantstrømar frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skattekostnad	29.743	7.651	10.071
Betalt skatt i perioden	-3.913	-989	-3.727
Ordinære avskrivningar	2.693	2.965	3.952
Postar over utvida resultat	-11.023	-2.561	-1.247
Endring pensjonar	-3.000	-919	582
Endring utlån	-37.305	-67.597	-49.299
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-11.241	-44	71
Endring innskot frå kundar	216.647	136.409	122.846
Endringer verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	187	-2.572	-7.323
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-1.790	-27.741	-64.435
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	180.998	44.602	11.491
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar			
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	0	0	117
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-987	-523	-639
Utbetalningar ved kjøp av verdipapir tilgjengeleg for sal	-5.723	-100	-100
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-6.710	-623	-622
Kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar			
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	173.111	307.479	309.015
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-275.000	-328.000	-328.000
Utbetaling av utbyte	-1.266	-1.771	-1.771
Utbetalningar til gæver	-241	-385	-660
Netto kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar	-103.396	-22.677	-21.416
Netto kontantstrøm for perioden	70.892	21.302	-10.547
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	210.650	221.197	221.197
Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	281.542	242.499	210.650
Denne er sett saman av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	249.314	70.356	177.935
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	32.228	172.143	32.715



Notar

1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2011 til 30.09.2012. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane.

Rekneskapet tredje kvartal 2012 vart vedteke av styret 25. oktober 2012.

2 Vilkår for utarbeiding av rekneskap for tredje kvartal 2012

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Delårsrapporten er ikkje revidert.

For ytterlegare informasjon, sjå prinsippendingsnotat og prinsipp vist i delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011 jf. note 3 og 4.

3 Rekneskapsprinsipp

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i delårsrekneskapen for 1. kvartal 2011, er nytta i delårsrekneskapen for tredje kvartal 2012 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

4 Informasjon om prinsippendring

For informasjon om prinsippendring, sjå delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011.





5 Transaksjonar med nærstående

i 1.000 kr

Tillitsvalde/leing	Utlån	
	30.09.2012	30.09.2011
Styret		
Siri Lagmannsås, leiar	0	0
Leif Åberge, nestleiar	923	1.612
Siv Enerstvedt, medlem i 2012	665	
Harald Blaaflat Mundal, medlem	359	405
Janne Dokken, medlem	1.365	1.400
Sonja-Mari H. Atterås, medlem i 2011		645
Sum styret	3.312	4.063
Leiande tilsette		
Egon Moen, adm banksjef	2.098	2.098
Karin Vikane, ass.banksjef	600	600
Sum leiinga	2.698	2.698

6 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekomme hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.





7 Segmentinformasjon

Utlånsfordeling

i 1.000 kr

	30.09.2012	30.09.2011	2011 +/-
Lønstakarar	2.215.124	2.236.343	11.833
Jordbruk, skogbruk, fiske	46.340	43.146	994
Industri	23.367	19.301	1.413
Bygg og anlegg	71.901	64.603	6.762
Handel, hotell, transport, tenester	162.151	168.140	3.526
Finansiering, egedomsdrift	272.391	263.071	1.827
Offentleg forvaltning og andre	49.444	26.512	11.466
Sum utlån før nedskrivningar	2.840.717	2.821.117	37.821
Individuelle nedskrivningar	-11.820	-13.827	184
Gruppevise nedskrivningar	-7.200	-4.600	-700
Sum utlån til kundar	2.821.697	2.802.690	37.305

Innskotsfordeling

	30.09.2012	30.09.2011	2011 +/-
Lønstakarar	1.316.013	1.242.465	84.550
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	50.377	44.195	7.294
Industri	31.964	34.834	5.741
Bygg og anlegg	39.372	43.476	-11.841
Handel, hotell, transport, tenester	55.516	47.249	893
Finansiering, egedomsdrift	574.424	354.160	107.572
Offentleg forvaltning og andre	118.204	216.406	22.438
Sum innskot	2.185.869	1.982.785	216.647

8 Misleghald og tap på utlån

a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement

i 1.000 kr

	30.09.2012	30.09.2011	31.12.2011
Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar			
Misleghald næringslivskundar	13.283	13.157	10.010
Misleghald personkundar	12.940	23.774	16.481
= Brutto misleghaldne engasjement	26.223	36.931	26.491
- Individuelle nedskrivningar	4.501	2.138	2.547
= Netto misleghaldne engasjement	21.722	34.793	23.944

b) Engasjement som er tapsutsette men ikkje misleghaldne

Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	30.644	42.251	40.357
- Individuelle nedskrivningar	7.319	11.689	9.557
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	23.325	30.562	30.800

c) Kostnadsførte tap gjennom året

	3. kv. 2012	3. kv. 2011	2011
Endring i individuelle nedskrivningar i året	-284	-2.738	-4.562
+/- Endring i gruppenedskrivning på utlån gjennom året	700	-700	1.200
+ Konstanterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne	1.574	6.065	6.158
+ Konstanterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne	848	854	1.077
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap	100	109	484
= Tapskostnader i inneverande år	2.738	3.372	3.389

Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året

+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	12.004	16.466	16.466
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	1.574	6.065	6.158
+ Netto auka individuelle nedskrivningar gjennom året	357	2.661	3.162
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	5.094	3.783	3.783
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	4.061	3.018	5.249
= Individuelle nedskrivningar på utlån	11.820	13.827	12.004

Tapsavsetninger på garantiar

	0	100	100
--	----------	------------	------------

Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året

Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	6.500	5.300	5.300
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	700	-700	1.200
= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån	7.200	4.600	6.500

d) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning

Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	909	660	824
--	-----	-----	-----



9 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Netto engasjement		%	
	30.09.2012	30.09.2011	30.09.2012	30.09.2011	30.09.2012	30.09.2011	30.09.2012	30.09.2011
Personmarknad								
Låg	2.336.626	2.401.538	0	0	2.336.626	3.046.868	97,1 %	92,2 %
Normal	51.797	56.525	630	300	51.167	183.853	2,1 %	5,6 %
Høg	5.294	8.155	421	421	4.873	49.658	0,2 %	1,5 %
Problemengasjement	8.363	15.233	1.753	2.200	6.610	16.122	0,3 %	0,5 %
Ikkje klassifiserte	7.657	7.455	0	100	7.657	8.105	0,3 %	0,2 %
Sum	2.409.738	2.488.907	2.804	3.021	2.406.934	3.304.607	100,0 %	100,0 %
Næringsliv								
Låg	772.364	645.330	0	3.000	772.364	642.330	82,3 %	79,5 %
Normal	126.358	127.627	2.912	0	123.446	127.627	13,2 %	15,8 %
Høg	46.687	41.924	6.104	7.807	40.583	34.118	4,3 %	4,2 %
Problemengasjement	813	3.089	0	100	813	2.989	0,1 %	0,4 %
Ikkje klassifiserte	1.263	750	0	0	1.263	750	0,1 %	0,1 %
Sum	947.485	818.721	9.016	10.907	938.470	807.814	100,0 %	100,0 %
TOTAL								
Låg	3.108.990	3.046.868	0	3.000	3.108.990	3.689.198	92,9 %	89,7 %
Normal	178.155	184.153	3.542	300	174.613	311.480	5,2 %	7,6 %
Høg	51.981	50.079	6.525	8.228	45.457	83.776	1,4 %	2,0 %
Problemengasjement	9.177	18.322	1.753	2.300	7.424	19.111	0,2 %	0,5 %
Ikkje klassifiserte	8.920	8.205	0	100	8.920	8.856	0,3 %	0,2 %
Sum	3.357.223	3.307.628	11.820	13.927	3.345.404	4.112.421	100,0 %	100,0 %

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unytta kredittrammer, garantiar og unytta garantirammer.



10 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.09.2012	30.09.2011	31.12.2011	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010451313	15.08.2008	15.08.2011	200.000	0	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010521594	17.06.2009	15.06.2012	150.000	0	150.134	150.217	3 mnd. NIBOR + 1,50 %
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	164.683	164.510	164.580	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010576812	09.06.2010	09.01.2012	75.000	0	75.586	75.650	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	150.000	150.204	100.412	100.401	3 mnd. NIBOR + 1,30 % 1)
NO0010604887	15.03.2011	15.03.2013	100.000	100.081	100.085	100.113	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000	100.158	100.212	100.229	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010626245	30.09.2011	28.09.2012	50.000	0	50.005	50.465	Fastrente 3,60 %
NO0010649205	06.06.2012	06.06.2017	125.000	124.905	0	0	3 mnd. NIBOR + 2,25 %
Sum sertifikat- og obligasjonslån				640.031	740.944	741.655	

1) Utsteding av ytterlegare NOK 50 mill. 26.01.2012.

Fondsobligasjonar

NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande Calldato 29.09.2014	40.000	39.867	39.788	39.796	3 mnd. NIBOR + 2,15 %
Statens Finansfond	01.12.2009	Evigvarande	33.000	34.743	34.978	35.694	Referanserente + 6 % 2)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	57.856	57.640	57.741	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 3)
Sum ansvarleg lånekapital				132.466	132.406	133.231	

2) Referanserenta tilsvarar gjennomsnittet av dei fem siste handledagar før rentefastsetjingsdag for norsk syntetisk årleg effektiv rente på statskassevekslar med 6 månaders bindingstid som notert på Noregs Bank sine nettsider. Margin er sett til 6,0 %.

3) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å kovertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingstidspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.



11 Ansvarleg kapital

	i 1.000 kr		
Kjernekapital:	30.09.2012	30.09.2011	31.12.2011
Grunnfondsbevis	31.625	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812	32.812
Sparebankens fond	121.291	120.129	121.291
Gåvefond	8.436	6.542	8.677
Utjæmningsfond	4.199	2.844	5.465
Fondsobligasjonar	130.536	130.187	130.275
Frådrag	-45.910	-22.341	-20.465
Sum kjernekapital	282.989	301.798	309.680
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	282.989	301.798	309.680
Eksponeeringskategori:			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	3.886	13.388	13.395
Institusjonar	31.409	110.796	82.429
Føretak	185.240	213.592	216.849
Massemarknad	0	11.135	10.571
Pantesikra eigedom	1.189.487	1.154.149	1.151.182
Forfalne engasjement	23.927	42.651	25.646
Obligasjonar med fortrinnsrett	11.859	9.465	10.441
Andelar verdipapirfond	28.600	22.267	24.752
Andre engasjement	210.443	206.879	209.014
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	118.259	115.295	118.259
Frådrag	-49.988	-39.925	-38.225
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.753.123	1.859.691	1.824.313
Kapitaldekning %	16,14 %	16,23 %	16,98 %
Kjernekapitaldekning %	16,14 %	16,23 %	16,98 %

12 Dei 20 største eigenkapitalbeviseigarane

Dei 20 største eigarane pr. 30.09.2012 utgjer 49,92 % av eigenkapitalbevisekapitalen.

30.09.2012					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	HEYERN AS	10.000	1,58 %
TERRA UTBYTTE VPF	46.700	7,38 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
HILLEIK AS	33.816	5,35 %	THU LEIF MAGNE	6.853	1,08 %
ROGNE HELGE	28.566	4,52 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
ÅRDAL STÅLINDUSTRI EIENDOM AS	23.000	3,64 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
DØSKELAND BØRGE	18.522	2,93 %	MOEN EGON MOGENS	6.000	0,95 %
LEIEPAKKING AS	17.580	2,78 %	WIKBORG TOR GEIR	5.550	0,88 %
WAHLSTRØMERIK	11.500	1,82 %	HUNDERE ROY HELGE	5.000	0,79 %
TERRA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	GG EIENDOM AS	5.000	0,79 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %	HOL SPAREBANK	5.000	0,79 %
SUM				315.720	49,92 %

30.09.2011					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	THU LEIF MAGNE	8.683	1,37 %
TERRA UTBYTTE VPF	46.700	7,38 %	SPAREBANKEN VEST	8.650	1,37 %
HILLEIK AS	33.816	5,35 %	MOEN EGON MOGENS	8.244	1,30 %
ÅRDAL STÅLINDUSTRI EIENDOM AS	23.000	3,64 %	LEIEPAKKING AS	8.000	1,26 %
ROGNE HELGE	21.741	3,44 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
TERRA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
WAHLSTRØMERIK	11.000	1,74 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
HEYERN AS	10.000	1,58 %	BERGLUND AS	6.000	0,95 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %	HUGIN INVEST AS	5.000	0,79 %
UTBYTTEKAPITAL AS	9.400	1,49 %	GG EIENDOM AS	5.000	0,79 %
SUM				297.867	47,09 %



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.INDRESOGNSPAREBANK.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO